



Årsplan for Utigarden Barnehage

Del 1 med Praktisk informasjon

Praktisk info frå A til Å

AVDELINGAR

Vi har to avdelingar på Utigarden, det er Marihøna for dei minste og Grevlingen for dei eldste. Kor mange barn som er der kan variere frå år til år, alt etter barnetala.

ALLERGIAR

Barnehagen skal ta omsyn til barn med særskilte behov knytt til mat og måltid dersom det blir lagt fram dokumentasjon eller legeattest frå spesialist på barnets sjukdom. Barnehagen krev ein slik attest for dei dette gjeld. Attesten skal innehalde informasjon om:

- Kva for allergiar barnet har.
- Kva slags symptom ein kan forvente ved eksponering for allergenet
- Kva for tiltak som skal settast i gong for å forebygge og behandle eventuelle allergiske reaksjonar.

BARNEHAGEBESØK

Ein dag på vårparten blir dei barna som skal begynne i barnehagen til hausten invitert til eit lite besøk i barnehagen. I lag med foreldra får barna helse på personalet, ta ein titt i lokalet og helse på nokre av dei andre barna. I Haram kommune startar barnehageåret 1. august. Det betyr at førskulebarna (og andre barn som skal slutte i barnehagen) har siste dag i barnehagen 31. juli, og nye barn får plass frå 1. august. Dei barna som skal slutte i barnehagen avviklar ferien sin før 1. august

BLEIER

Dei som treng å bruke bleier i barnehagen tek med det sjølv. (Ikkje «up and go».) Barna det gjeld har eigne korger til oppbevaring av bleier i barnehagen. Foreldra fyller på etter kvart som det er behov.

BURSDAGSFEIRING

I barnehagen feirar vi barnet sin bursdag med bursdagssamling og varmmat til lunsj. Bursdagsmaten får bursdagsbarnet sjølv velje innanfor rammene vi set. I bursdagsamling les vi eventyr etter barnet sitt ønske, vi syng songar og sender opp "rakettar". Barnet får også lage bursdagskrone ilag med ein vaksen.

DOKUMENTASJON OG VURDERING:

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet jobbar for å oppfylle krava til barnehagelova og rammeplanen. Vi vil gjennom dokumentasjon gi foreldre, lokalmiljø og kommune som tilsynsmyndighet informasjon om kva barna

opplever, erfarer og gjer i barnehagen. Dokumentasjon omkring enkeltbarn i tilknyting til samarbeid med andre hjelpeinstansar er underlagt teieplikta. I det daglege vil dokumentasjon vere i form av bilde på veke rapport på kidplan, hefte i sluttan av året og evaluering etter tema-periode.

DUGNAD

Det er to dognader kvart år, ein om hausten og ein om våren. Dugnadsleiarar blir valt på foreldremøtet om hausten. Alle med barnehageplass i Utigarden forpliktar seg til å stille opp på minimum ein dugnad i året.

FORELDREMØTE

Det er to foreldremøte kvart barnehageår, eitt om hausten (ca september) og eitt om våren (ca mai).

FORELDRESAMTALAR

Alle foreldre får tilbod om to foreldresamtalar i året – pr. barn. Pedagogisk leiar går i lag med foreldra gjennom barnets utvikling og trivsel.

FERIE

Barnehagen er stengt 3 veker om sommaren. Den fjerde ferieveka er jul/påske, då er barnehagen stengt i jule- og påskeveka. Alle skal levere inn feriekontrakt på når barna skal ha ferie, denne er bindande.

FORSIKRING

Barna i barnehagen er forsikra med kollektiv barneulykkesforsikring hos Gjensidige. Dette er ei heiltidsforsikring, det betyr at barna også er forsikra utenom barnehagetida.

FILMING OG FOTOGRAFERING

Vi oppfordrar føresette i barnehagen til å ikkje ta biletet eller film av andre sine barn på arrangement. Det skal ikkje delast biletet eller film av andre sine barn på sosiale medier utan løyve frå barnets føresette på førehand. For bruk av biletet og film internt i barnehagen for t.d. dokumentasjon og heimeside, blir det innhenta løyve frå føresette ved oppstart gjennom Kidplan. Føresette kan logge seg inn og endre løyvet når dei vil.

FOTOGRAFERING

Vi brukar å ha fotografering på våren, då leige vi inn ein fotograf, og det er moglegheit til å bestille både portrett og gruppebilde

FRUKOST

Vi har brød eller graut til frukost. Flott om dei som skal ha frukost kjem før 08.00,

INVITASJONAR.

Dersom invitasjonar til private feiringar skal delast ut i barnehagen, ber vi om at desse vert leverte til personalet for vidare utdeling. Dette for å unngå at dei forsvinn. **Det er viktig for oss å presisere at barnet må invitere heil avdeling, heilt årskull eller alle jentene/alle gutane på avdeling/i årskull.**

KIDPLAN

Gjennom vårt medlemsskap i PBL har vi kommunikasjonsplattforma Kidplan. Føresette får «ein brukar» til tenesta når barnet startar i barnehagen. Gjennom Kidplan sender vi ut informasjon, lagar vekeplan, registrerer oppmøte, nyttar meldings-chatten, skriv på «tavla», m.m. Føresette kryssar av for løyper, registrerer fridagar m.m. Kidplan kan lastast ned som eigen app på mobile

KOSTHALD

Vi er opptatt av eit sunt og variert kosthald i barnehagen og følgjer råd og retningslinjer frå Helsedirektoratet. Vi bakar grovbrød kvar dag til lunsj og vi prøver å få til eitt varmmåltid i veka. Barna får ofte servert grønnsaker eller frukt til brødmåltidet .

OPNINGSTIDER

Barnehagen er open frå 07.15 – 16.30

OVERGANG TIL NY AVDELING

I Utigarden har vi eit tett samarbeid mellom avdelingane og det er fellestid både morgen og ettermiddag. I dei nye lokalra på Gryta har vi eit tett samarbeid mellom avdelingane og dei minste får ofte besøke Grevingane.

KJERNESTID

Alle avdelingane prøver å avslutte frukosten ca 08.30 og gå til morgonsamling ca kl 08.45. Kjernetida varer fram til fruktmåltidet ca. kl 14.00.

KLE OG UTSTYR

YTTERST (ALT ETTER ÅRSTID):

- To sett med regnklede (våte regnkle må takast med heim til tørk, vi har kun kapasitet til å tørke vottar)
- Dress med fôr (kjøp gjerne ein dress der føret kan takast ut, då kan dressen også brukast som parkdress)
- Jakke etter årstid
- Gummistøvlar/cherrox/vintersko
- Joggesko/goretex-sko
- Hals og hue etter årstid, eller hue med hals
- Regnvottar med fôr, gjerne to par
- Vottar, gjerne to par
- Fingerhanskar
- Solhatt/caps og solbriller

INNERST (ALT ETTER ÅRSTID):

- Rikeleg med truseskift og sokkeskift (tynne/tykke) i staden for strømpebukser (lettare å skifte)
- T-skjorte, bukse og genser (helst mjukt stoff)
- Ullundertøy (stillongs og trøye)
- Ullsokker og ull raggar

- Vi treng ein del skift, gjer det til ei god rutine å sjekke kassene ofte.
- Sjekk klede og utstyr ofte, om det er noko som manglar eller noko som er øydelagt. Glidelås og strikk under buksebeina på dress eller regnklede er spesielt viktig. (Kjøp gjerne silikonstrikk, desse held lenger)
- Barna veks fort, pass på at klede og sko er store nok.

Unngå unødig bruk av belte, skjerf, smykker og liknande.

DEI YNGSTE:

- Bleier/salver
- Husk rikelege med skift i perioden dei skal slutte med bleier, varm vognpose på kalde dagar, lettare pose/dyne sommarstid og tepper.
- Selar, myggnetting og regntrekk
- Evnt kos/smukk
- ALT UTSTYR MÅ VERE GODT MERKA!

Anna:

Solkrem/kuldekrem

Sekk og ryggsekk

MEDISINERING I BARNEHAGEN

Barnehagen kan hjelpe foreldre med legemiddelhandsaming, sjølv om det er foreldra som har ansvaret for medisineringa. Forsvarleg orientering og opplæring av personalet i medisinering må foreldra sørge for. Avtale om medisinering må fyllast ut

MELDING OM ENDRINGAR

Hugs å gi beskjed om endringar som har betydning for barnet eller samarbeidet mellom barnehage og heim. Endringar kan vere adresse, telefonnummer, e-postadresse, sjukdom, samlivsbrot eller andre ting som kan verke inn på barnet.

NETTSIDE

Nettsida til barnehagen finn du på www.utigardenbarnehage.no. Alle føresette vil ha innlogging til denne sida, og få tilgang til Kidplan som er barnehagen sin digitale kommunikasjonsplattform med foreldra. (Last ned appen for enklare tilgang.)

OPPSTART I BARNEHAGEN

Før barnet begynner i barnehagen sender styrar ut eit velkomstbrev med litt informasjon om dei første dagane, kven ein skal møte og kva ein skal ta med. Primærkontakt blir ein viktig person for barnet, særleg den første tida. I løpet av den første tida i barnehagen vil det bli ein oppstartssamtale mellom føresette og pedagogisk leiar. Her gir føresette informasjon om barnet sitt, og avklarar eventuelle saker ein lurer på.

PERIODEPLAN

Pedagogisk leiar i dei ulike gruppene i barnehagen sender ut ein utfyllande plan for dei komande to-tre månadane, neste periode. Periodeplanen seier noko kva som skal jobbast med i denne perioden, korleis fagområda i rammeplanen kjem inn og minner om viktige datoar i tida som kjem.

PLANLEGGINGSDAGAR

Barnehagane skal ha 5 planleggingsdagar for personalet i løpet av året. Desse dagane er barnehagen stengt for barna.

PORSEN

Vi har 2 portar til barnehagen ut av barnehagen sitt uteområde. Desse må alltid vere lukka i barnehagen si opningstid. Slepp ikkje ut andre barn enn dei du skal ha med deg. Det er også viktig at foreldre nyttar porten når dei hentar barna, og ikkje løftar dei over gjerdet. Vi ønsker ikkje at barna skal trenre på å klatre over gjerdet for å vise foreldra «sjå kva eg har lært meg!»

PROGRESJONSPLAN

Rammeplan for barnehager har gitt oss fagområder å jobbe etter. I barnehagen har vi satt opp ein progresjonsplan for barna med utgangspunkt i disse fagområda, ut ifra barnets alder og forventa utvikling. Sjå tabell bakarst i heftet

REINHALD OG MILJØ

Skal du lenger inn i barnehagen enn til garderoba, ønsker vi at du tek av deg skoa, tek på innesko eller smett på deg eit overtrekk utanpå skoa. Blå skotrekkt ligg i korg ved alle ytterdørene. Kast skotrekket i nærliggjande søppelbøtte etter bruk

RESSURSBASEN

Dette er eit tverrfagleg team i kommunen med mangfaldig og variert kompetanse. Dei har som oppgåve å hjelpe og støtte barn og familiar med små og store utfordringar, her kan dei som treng det få råd og rettleiing. Ressursbasen har fleire ulike støttetiltak for barnehagebarn ,dei som er aktuelle kan vere: Marthe Meo, ICDP, COS, PMTO rådgjeving og terap.,

SU

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval som er sett saman av representantar frå dei tilsette, frå føresette og frå eigalarar. Samarbeidsutvalet utnemnast på foreldremøtet om hausten. Samarbeidsutvalet hjelpe gjerne barnehagen når arrangement eller dugnader skal planleggast og årsplan skal godkjennast. Samarbeidsutvalet er eit viktig talerøyr for dei føresette, det er viktig å plukke opp ris og ros og bringe dette vidare til barnehagen.

SJUKE BARN

Gi beskjed før kl 9.00 om barnet ikkje kjem i barnehagen, både ved fridag eller sjukdom. Beskjed kan sendast som tekstmelding på telefon, melding på Kidplan, registrere fridagen sjølv på Kidplan eller sjølvsagt ringe/ gi munnleg beskjed til personalet. Ved smittsame sjukdomstilfeller (t.d. omgangssjuka, lus og liknande), informer barnehagen om dette. Ved eventuelle epidemiar blir foreldre informert. Personalet tek utgangspunkt i barnet sin allmenntilstand før vi tek kontakt med føresette om at barnet ikkje er bra og må hentast. Barnet skal ha nytte og glede av opphaldet i barnehagen, og må kunne følgje dei aktivitetane det er lagt opp til. Barnehagen følgjer og vidareformidlar til ei kvar tid retningslinjer gitt av Folkehelseinstituttet og frå helsestasjon. Etter oppkast/diare skal barna vere heime til dei er symptomfri og minst 48 timer.

SØVN OG KVILE

Barn som har behov for det får sove eller kvile i barnehagen. Foreldre tek med vogn som er god å sove i og eigna pose. Barnasov ute i vogn. Ein dag i barnehagen krev mykje av barnet, både fysisk og mentalt. Vi ser at behov for nok søvn og kvile ofte er større enn det dei treng heime. Fysisk form, mentalt minne og humør stig, medan konfliktnivået dalar hos eit utkvilt barnehagebarn om ettermiddagen. Dette er eit tema mange meiner mykje om. Det er blitt påvist flere helsemessige fordeler med å sove på dagtid, det gir barna blant annet bedre mental og fysisk helse (Sørensen, 2003). Barnet bør få sove ein heil søvnsyklus. Den er på rundt 60 - 90 minutter, litt avhengig av barnets alder

SAMARBEID MED HEIMEN

Barnehagen skal i samarbeide med heimen ta vare på barna sine behov for omsorg og leik, og fremme danning og læring som grunnlag for allsidig utvikling.

At foreldra er engasjerte og har kunnskap om det som skjer, er sentralt for oss. Informerte, trygge, positive og deltagande foreldre kan bidra til å trygge og motivere barnet.

Mål	Tiltak
• Trygge foreldra på at barnet har det trygt og godt i barnehagen	Åpen dialog med foreldra basert på barnet sitt beste. Dokumentasjon.
• Gi foreldra moglegheit for påverknad på sitt eige barn si barnehagetid	Personale snakkar med foreldra kvar dag og fortel korleis barnet har hatt det, lyttar til foreldre sine meningar og innspel.
• Ha ein god og open kommunikasjon med foreldra.	Gi tilbod om to foreldresamtaler kvart år, fleire ved behov. Dokumentasjon.
• Foreldra sin påverknad på barnehagedrifta	Foreldremøtet to gonger i året med informasjon om barnehageverksemda og moglegheit for diskusjon og innspel. Arrangement som sommarfest, haustfest, adventsfest i barnehagen. Årleg brukarundersøking. Møter i barnehagen sitt samarbeidsutvalg. Sende ut planar og informasjonsskriv til foreldra.

SAMARBEID MED GRUNNSKULEN OG ANDRE INSTANSAR:

For at barn og unge skal få eit mest mogleg heilsakapleg tilbod til det beste for barna sin oppvekst og utvikling, krevjast det at barnehagen samarbeider med andre tenester og institusjonar i kommunen. Ved samarbeid m teieplikt- og opplysningsplikt i

barnehagelova og anna regelverk overhaldast. Barnehagen har utfyllande samarbeid med grunnskulen, helsestasjon, barnevern, og PPT.

TILVENNING

Tilvenning av barn til barnehage kan variere i tid og kan ta meir enn tre dagar. Det må vere barnet sine individuelle behov som styrer dette. Vi oppmodar foreldra til å besøke barnehagen før oppstart.

- Innan 4 veke etter oppstart vil det bli innkalla til oppstartssamtale med pedagogisk leiar. Målet for oppstartsamtalen er å utveksle viktig informasjon og å bli betre kjent.
- Alle nye barn har ei primærkontakta, denne har ansvaret for tilvenninga til

TURMÅL

Utgarden barnehage har mange fine turmål i sitt nærområdet, vi har minst ein tur i veka, der vi går på tur til skogen, fjøra eller ein tur for å sjå på dyra i nærleiken.

VEDTEKTER

Barnehagen har vedtekter etter Lov om barnehagar, vedtatt av barnehagen sitt styre. Oppdaterte vedtekter er tilgjengeleg på barnehagen si nettside.

ÅRSPLAN

Årsplan fastsettast av Samarbeidsutvalet. Årsplan del 1 er Utigarden barnehage frå A-Å. Barnehagen årsplan del 2 er utforma som ein kalender, og gjeld for eit barnehageår. Periodeplanane som kjem ut i løpet av året er ei utfylling av barnehagens innhald i årsplan del 2

- Årsplan skal gi informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til myndighetsnivå, samarbeidspartner til barnehagen og andre interesserte.
- Årsplan skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsetje formålet og innhaldet i rammeplan til pedagogisk praksis.
- Årsplan skal vise korleis vi i barnehagen jobbar med omsorg, leik, læring og danning.
- Årsplan skal vere eit reiskap for personalet når dei utarbeidar periodeplanar og vekeplanar.

FAGOMRÅDA I PRAKSIS OG PROGRESJON

Fagområda dekker vide læringsfelt og dei vil være med i alle kvardagsaktivitetar, turar, sosialt samspel og i tema- arbeid. Måla for arbeidet med fagområda skal tilpassast det enkelte barnet, barnegruppa og det lokale samfunnet. Vi vil i år ha spesielt fokus på desse måla:

	Marihøna	Grevlingen
Kommunikasjon, språk og tekst	<ul style="list-style-type: none"> • Vidareutvikle språket og bruke det i leik og sosialt samspel. • Få erfaringar og kunnskap gjennom song, bilde, forteljingar og samtalar knytte til kvardagssituasj onar og tema arbeid. • "Bade i språk" – fokus på språkstimulera nde miljø. • Eventyformidli ng ved hjelp av konkretar. • Bli sett og forstått, også når ein brukar det non-verbale språket. • Bruke ask som språkstøtte 	<ul style="list-style-type: none"> • Styrke den verbale kommunikasjo nen gjennom lytting, turtaking, forteljingar og samtaler. • Få kjennskap til bokstaver og tal. • Bruke høgtlesing i små grupper og lesing i ulike situasjoner. • Leike med bokstavar både gjennom lytting og teikning. • Leike skriving. • Leike med språket med rytme, lyd og rim. • Bruke ask som språkstøtte
Kropp, rørsle, mat og helse	<ul style="list-style-type: none"> • Få erfaring og oppleve meistring gjennom varierte rørsle og sanseinntrykk. 	<ul style="list-style-type: none"> • Fysisk utfolding som stimulerer til meistring . • Bli kjent med kroppen og sansane.

	<ul style="list-style-type: none"> • Bruk av dans og hinderløype. • Legge til rette for kvilestund. • Førebu sunn og kost og ha fokus på god hygiene. • Meistre ulike årstider og få varierte sanseerfaringar • Trivsel og tryggleik. 	<ul style="list-style-type: none"> • Gå lengre turar • Gå på ski. • Førebu sunn og variert kost og ha fokus på god hygiene. • Lage sunn mat ute.
Kunst, kultur og kreativitet 	<ul style="list-style-type: none"> • Legge til rette for leik, fantasi, kreativitet og skaperglede. • Få varierte inntrykk og få uttrykke seg kreativt på ulike måtar og med ulike material. • Leike med naturmaterial. • Delta i song, musikk og dans. • Erfaring med å klippe med saks (eldste). 	<ul style="list-style-type: none"> • Gi moglegheita til å skape varierte uttrykk, både individuelt og i fellesskap. • Bli kjent med eigen kreativitet. • Få skape med ulike teknikker og materiale.
Natur, miljø og teknologi	<ul style="list-style-type: none"> • Bruke friluftsaktivitete r for å fremme undring, utforsking og naturglede. • Naturen som leikearena • Naturoppleving a til ulike årstider. 	<ul style="list-style-type: none"> • Få kunnskap om dyr og vekstar og såing - hausting. • Får gode naturoppleving ar året rundt. • Bruke naturen som sosial læringsarena. • Bli glad i naturen og

	<ul style="list-style-type: none"> • Kjennskap til dyr, småkryp og insekt og vekstar og prosessen såing – hausting. • Få kjennskap til ulike digitale verktøy. 	<p>ønske å ta vare på den.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ha kjennskap til kva som skjer i naturen på ulike årstider. • Få kjennskap til ulike digitale verktøy.
Nærmiljø og samfunn 	<ul style="list-style-type: none"> • Turar i nærmiljøet, utforske og bli kjent. • Oppleve tilhørsle i barnehgruppa. • Medverke, bli høyrd og sett • Positivt fellesskap og gode relasjoner . 	<ul style="list-style-type: none"> • Turar i nærmiljøet og delta lokalt i samfunnet. • Samspel med andre og omgivnadane. Betydning av å dele, hjelpe og samarbeide. • Feire den samiske nasjonaldagen .
Mengd, rom og form 	<ul style="list-style-type: none"> • Erfare, utforske og leike med rom, form, storleikar og mønster. • Erfaring med talrekka 1-10 og utvikle begynnande 	<ul style="list-style-type: none"> • Lære om tal, rom og form gjennom leik og utforskning. • Leike med tal og mengder • Får inn grunnleggande matematiske omgrep.

	<p>forståing for teljing .</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lære fargenamn. 	<ul style="list-style-type: none"> • Oppleve glede med å løyse matematiske problem.
--	--	--

<p>Etikk, religion og filosofi</p> 	<ul style="list-style-type: none"> • Få kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar i andre religionar. • Utvikle forståing for kvarandre og få støtte til empati og positiv konfliktløysing. • Vennskap, positiv samhandling 	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle respekt og forståing for kvarandre og andre kulturar. • Undre oss ilag. • Få kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar i andre religionar. • Tilbod om jule- og påskevandring • Vise empati
---	--	---

"Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskarterong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheter." (Barnehageloven)

